



Pris: 10.-

# BOTSHEIA - HESTEN - LERANG

FORSAND KOMMUNE

## FAKTA

Lengde: 1,5 time til toppen av Hesten og ca. 3 timer til Lerang.

Passar for: Ikkje for dei aller minste.

Parkering: På Botsheia eller Lerang.

Kartblad: 1212 I: Høle

Verd å merka seg:

Turen opp til Hesten er bratt, men utsikten er upåklageleg. Store deler av turen går gjennom Gitlandsåsen naturreservat, som er eit flott barskogsområde med store verneverdiar.




Foto: Roy Mangersnes

## OM TUREN

Frå parkeringsplassen på Botsheia går turen opp gjennom eit spesielt kulturlandskap. Derfrå går ein inn i ein spanande og variert furuskog. Enkelte stader er skogen svært tett, men stien er godt merka og enkel å fylgja. Når ein kjem litt høgare opp i terrenget, åpnar skogen seg noko og Hesten med sine 421m.o.h. tronar opp i nord-vest.

Stien passerar nokre fuktige myrar inn mot Hesten, og etter ein liten stigning kjem ein til eit stidele. Her er det skilta til Hesten, Lerang og tilbake mot Botsheia. Turen vidare opp til Hesten er bratt og svinger seg langs den sør-austlege kanten heilt til topps. Utsikten frå toppen er verd heile turen. Herifrå kan ein sjå til Jørpeland og heilt til Stavanger på fine dagar.

Frå stidelet kan ein og velja å gå ned skaret mot Djupavatnet og vidare langs Gitlandsbekken til Gåsavatnet. Stien er merka og lett og fylgja.

Frå Gåsavatnet går turen vidare ned til Lerangs-vatnet langs ein tømmerveg. Herifrå kan ein fylgja kjerrevegen ut til den gamle riksvegen mellom Oanes og Jørpeland.

Ein kan også starta turen frå Lerang og gå derifrå til Botsheia.

## Unik natur

Samtidig som ein får Mjåvatn på høgre hand, passerar ein grensa for Gitlandsåsen natur-reservat. Dette er eit flott barskogområde som blei verna i 1999, og som har store verdiar i form av inntakt barskog med innslag av edle lauvtre og eit rikt dyreliv. Er ein heldig, kan ein få høyra orranen sin buldring om våren, medan hjort og elg kan treffast i skogbrynet. Det kan vera lurt og setta seg inn i vernereglane for Gitlandsåsen, så ein ikkje gjer skade i naturreservatet.



